

*Plan for eit trygt og  
godt skulemiljø på  
Sagstad skule.*



## Innhold

Plan for eit trygt og godt skulemiljø på Sagstad skule. ....	1
Innleiing.....	3
Omgrepsavklaring.....	3
Førebyggjande og helsefremjande arbeid .....	4
Kontinuerleg, langsiktig og systematisk arbeid .....	5
Årshjul for arbeid med eit trygt og godt skulemiljø. ....	5
IKT og bruk av sosiale medier .....	9
Avdekking .....	9
Handtering.....	10
Dokumentasjon .....	12
Mal for å løyse saker som gjeld mobbing eller krenkjande åtferd.....	12
Eleven sin rett til å bli høyrd og informasjonsplikt.....	14
Fylkesmannen sin handtering av aktivitetssplikta i einskildsaker .....	14
Råd og utval .....	15
Vedlegg.....	16

## Innleiing

Opplæringslova kapittel 9a handlar om skulemiljøet til elevane.

### **§ 9a-2: Retten til eit trygt og godt miljø. Alle elevar har rett til et trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.**

Å trivest på skulen er ein av dei viktigaste føresetnadene for læring. Eit godt psykososialt miljø på skulen fremjar trivsel og tilhørigheit. Eit godt skulemiljø vert kjenneteikna av ein skule som gjev elevane moglegheit for å delta aktivt og utfolde seg og rom for å oppleve læring og meistring. Det er eit miljø som er prega av positive relasjonar mellom elevane, og med lærarane. Eit godt læringsmiljø kan gje mange gode opplevingar av fellesskap og meistring.

### **§9a-3: Nulltoleranse og systematisk arbeid, 1. avsnitt:**

#### **Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering**

## Omgrepsavklaring

§9a-4: Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, 1. avsnitt

*Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.*

Med krenkjande åtferd forstår vi: Krenkjande åtferd er alle former for åtferd som uoverlagd eller tilsikta rammer andre menneskjer fysisk eller psykisk. Krenkjande åtferd kan skje som enkeltstående eller gjentatte handlingar. Krenkjande åtferd er handlingar som utførast utan respekt for integriteten til den som blir rammet.

Mobbing: Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og/eller fysisk vald retta mot eit offer, utført av enkeltpersonar eller grupper. Mobbing føreset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar, og episodane blir gjentatt over tid.

Skjult mobbing betyr at nokon blir utsett for baksnakking, ryktespreiing, blikk, kroppshaldning, ignorering, mimikk m.m.

Uttestenging betyr at nokon blir heldt utanfor en gruppe eller klasse.

Vold inneberer at nokon bruker fysisk og/eller psykisk makt for å skade andre.

Rasisme inneberer at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, for eksempel fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk/dialekt.

Diskriminering betyr at ein person blir dårleg behandla eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.

Digital krenking betyr at nokon bruker internett, mobil eller e-post for å sende og spreie vondsinna meldingar eller bilete av ein person/situasjon.

For å stoppe mobbing, må enkeltkrenkingar avdekkast og stoppast tidleg, før dei blir mange og meir alvorlege. Snakkar vi om at ei krenking er ein for mykje, og at ein kvar krenking skal gripast fatt i, så har vi eit veldig konkret mål å gå for.

Ved å arbeide systematisk over tid for eit godt og trygt miljø for alle elevar, og å forebyggje førekomsten av krenkande åtferd, vil alle elevar kunne oppleve eit mobbefritt skulemiljø som er prega av trivsel og ei oppleving av å høyre til.

*Å forebygge og motvirke mobbing vil ikkje lykkast dersom det ikkje samtidig arbeidast langsiktig og målretta med det som har størst effekt på omfanget av mobbinga, nemleg motiverte elevar som trivast som har eit godt forhold til sine lærarar, som bidreg til eit positivt klassemiljø, som får god fagleg støtte og er i trygge fysiske omgjevnader på ein skule som har «orden i sakene» og ein trygg og respektert plass i lokalsamfunnet. Kort og godt: Eit godt læringsmiljø.*

([http://www.udir.no/globalassets/upload/rapporter/2011/5/nifu\\_mobbing.pdf](http://www.udir.no/globalassets/upload/rapporter/2011/5/nifu_mobbing.pdf))

## Førebyggjande og helsefremjande arbeid

### § 9a-3: Nulltoleranse og systematisk arbeid, 2. avsnitt

*Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helse, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.*

Sagstad skule si målsetting om at alle elevar skal oppleve trygghet og sosial tilhøyrighet som fremjar helse, trivsel og læring (jfr. oppl. §9a-2), handlar ikkje berre om å hindre plagar og dårleg læring, men også at skulemiljøet skal bidra positivt til helse, trivsel og læring hos eleven.

Målingar og observasjonar av miljøet er viktige, fordi dei kan seie noko om kva effekt dei ulike miljøfaktorane kan ha på helse, trivsel og læring hos elevane. Skulemiljøet skal fremje helse, trivsel og læring.

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd materiell for heilskapleg arbeid med læringsmiljø som er forskingsbasert. Materiellet gir konkrete forslag til arbeid og omfattar følgande områder:

#### God leiing, organisasjon og kultur for læring i skulen

Skulen si leiing og skulen som organisasjon legg rammer og set premisser for det læringsmiljøet elevane opplever i sin skulekvardag. Eit godt og inkluderande læringsmiljø krev ei tydeleg leiing og ein kollektivt orientert organisasjon i skulen.

#### Læraren si evne til å leie klassar og undervisningsforløp

Læraren si evne til å leie klassar og grupper er ein av dei viktigaste faktorane i arbeidet mot mobbing og for å skape gode læringsmiljø. God klasseleiing vert kjenneteikna av ein tydeleg struktur i undervisningsforløpet og formulering av tydelege mål for elevane si læring og læringsmiljø.

#### Positive relasjonar mellom elev og lærar

Den autoritative læraren er tydeleg og har kontroll, samtidig som han eller ho er støttande og empatisk og anerkjenner eleven som aktør i læringsarbeidet i klasserommet. Dette er viktig for alle elevar, og særleg viktig for elevar som av ulike grunner strever på skulen.

#### Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane

Elevar som blir sett og anerkjent av læraren, blir trygge også i forhold til andre elevar. Kulturen i elevgruppa har betydning for både læring og veremåte. Ein klasse med kollektiv vi-kjensle og eit godt samarbeid vil skjerme om og ta vare på kvarandre og ikkje tolerere at nokon blir plaga eller krenka. Elevane vert trente i å løyse konflikter, og ueinigheit opplevast ikkje som ein trussel. Dei vil oppleve

det som positivt å være aktive og interesserte, og dei vil akseptere ulikskapar. Det er like greitt å være flink som å ha faglege eller sosiale utfordringar.

### Godt samarbeid mellom heim og skule

Dersom foreldre/føresette og lærarane formidlar dei same positive forventningane til elevane, vert det lettare for alle partar. Skulen og heimen må nærme seg kvarandre og snakke same språk. Når elevane opplever at dei vaksne set dei same grensene for mobbing og krenkande åtferd, vil dette i seg sjølv virke forebyggjande.

FAU og klassekontaktar oppmodast til å arrangere sosiale aktivitetar for elevane.

## Kontinuerleg, langsiktig og systematisk arbeid

Skulen sitt arbeid med å fremje helse, miljø og tryggleik for elevane er kontinuerleg og systematisk. Med kontinuerleg meiner vi at det systemiske arbeidet er den røde tråden i skulen sitt arbeid, ikkje noko som berre blir gjort når det oppstår vanskelege/utfordrande situasjonar. Det systemiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Arbeidet med eit godt psykososialt miljø er sett i system, og strategiane for det førebyggjande arbeidet er inkludert i skulen sitt årshjul.

Arbeidet for eit godt psykososialt miljø skjer i samarbeid med elevane gjennom manifest mot mobbing, elevråd og skulemiljøutval, og i samarbeid med foreldre/føresette gjennom FAU og eit godt skule – heim samarbeid.

Trivsel og opplevinga av å høyre til er eit naturleg samtaleemne i alle treffpunkt mellom elevar, deira foreldre/føresette og skulen. I tillegg er personalet på skulen bevisste si proaktive rolle ved inspeksjon og i overgangssituasjonar. Personalet på skulen og elevrådet skal gjerast kjende med, og delta i drøftingar rundt handlingsplanen til skulen minst to gongar i året. På denne måten sørgjer vi for at handlingsplanen blir eit nyttig verktøy i det daglege virke, og ikkje noko vi berre hentar frem ved «behov».

I samband med drøftingane rundt handlingsplanen må skulen evaluere korleis vi oppfyller aktivitetsplikta og den skjerpa aktivitetsplikta, samt korleis vi informerer og involverer elevar og foreldre/føresette i arbeidet.

## Årshjul for arbeid med eit trygt og godt skulemiljø.

	Personale skule/SFO	Elevar	Føresette	FAU	SU/SMU
Aug	Opplæring og informasjon til alle tilsette.  Handlingsplan for eit godt psykososialt miljø (§9a).  Ordensreglar  Inspeksjonsrutinar	Gjennomgang av 9a: Ordensreglement  Handlingsplan for eit godt psykososialt miljø  Refleksjon rundt kva krenkande åtferd er  Fadderordning 1. trinn			

	Refleksjon rundt kva som er krenkande åtferd	Gla'time 1.-4. trinn Zero show 5.-7. trinn  <b>Zeromål:</b> *Eg er med på å lage klassereglar. *Eg følj klasse-reglane.			
Sep t	Personalet legg rammer for at elevane er aktivt deltakande i vennskapsveka VEKE 36 «Manifest mot mobbing», i regi av Udir.	Elevane lager klassereglar/trinn-reglar med utgangspunkt i ordensreglementet ved skulen.  Elevane utviklar eigne tiltak for vennskapsveka VEKE 36 «Manifest mot mobbing»  Klasseundersøking – Spekter 3.-7. trinn  Zero tur  Gla'time 1.-4. trinn  <b>Zeromål:</b> *Eg inkluderer andre i leiken. *Eg kan ta vare på venar og utvikle nye venskap.	Foreldre får informasjon om Handlingsplan for godt psykososialt miljø, og korleis skulen jobbar med denne planen på foreldremøte.  Foreldre/føresette si rolle i eit godt psyko-sosialt miljø framhevast (haldningar, ytringar).	FAU konstituerast innan 15.9.  Gjennomgang av "Forskrift for ordensreglement" og "Handlingsplan for godt psykososialt miljø"-	
Okt		Gla'time 1.-4. trinn Zero show 5.-7. trinn  <b>Zeromål:</b> *Eg bidrar så godt eg kan til eit godt læringsmiljø. *Eg kan gje meg og godta andre sine forslag.			SU konstituerast innan 15.10. Gjennomgang av "Forskrift for ordensreglement" og "Handlingsplan for godt psyko-sosialt miljø".
Nov		Gjennomføring av trivselsundersøking 1.-4. trinn	Utviklings-samtalar: trivsel		

		<p>Gjennomføring av Elevundersøking 5.-7. trinn</p> <p>Gla'time 1.-4. trinn</p> <p>Juleavslutningar</p> <p><b>Zeromål:</b>  *Eg aksepterer at vi er forskjellige.  *Eg er høfleg mot medelevar og vaksne.</p>	skal være tema på samtalanene.		
Des		<p>Zeroshow 5.-7. trinn</p> <p>Gla'time 1.-4. trinn</p> <p><b>Zeromål:</b>  *Eg viser at eg bryr meg om andre.  *Eg kan setje ord på kjensler.</p>			
Jan	<p>Evaluering av hausthalvåret i plenum.  *Kva har vi gjort bra?  *Kva utfordringar står vi ovanfor til våren?</p>	<p>Zeroshow 5.-7. trinn</p> <p>Gla'time 1.-4. trinn</p> <p><b>Zeromål:</b>  *Eg tenkjer før eg handlar.  *Eg taklar å møte motgang.</p>		Nyttårsarrangement i regi av FAU.	
Feb		<p>Zeroshow 5.-7. trinn</p> <p>Gla'time 1.-4. trinn</p> <p><b>Zeromål:</b>  *Eg har mot til å seie egne meiningar.  *Eg har mot til å ta egne val.</p>	<p>Foreldremøte i samarbeid mellom skule og FAU.</p> <p>Ulike tema knytt til mobbing og krenkjande åtferd.</p> <p>Dialogduk om digital dømekraft på 2. og 3. trinn.</p> <p>Barnevakten på 4. og 5. trinn.</p>	<p>Foreldremøte i samarbeid mellom skule og FAU.</p> <p>Ulike tema knytt til mobbing og krenkjande åtferd.</p> <p>Dialogduk om digital dømekraft på 2. og 3. trinn.</p>	

				Barnevakten på 4. og 5. trinn.	
Mar		<p>Gla'time 1.-4. trinn</p> <p><b>Zeromål:</b> *Eg konsentrerer meg så godt eg kan. *Eg kan lytte og vente på tur.</p>			
Apr	<p>Gjennomgang av resultatata frå elevundersøkinga og trivselsundersøkinga i plenum.</p> <p>Igangsetting av tiltak.</p>	<p>Elevrådet og elevane på 1.-4. trinn informerast om resultatata frå Trivselsundersøkingar.</p> <p>Elevrådet og elevane på 5.-7. trinn informerast om resultatata frå Elevundersøkinga.</p> <p>Zero-show 5.-7. trinn</p> <p>Gla'time 1.-4. trinn</p> <p><b>Zeromål:</b> *Eg tar ansvar for eigne handlingar. *Eg kan seie frå om nokon blir plagd, er lei seg eller ikkje har det bra.</p>	<p>Utviklings-samtalar – trivsel skal være tema på samtalanane.</p>	<p>Informasjon om resultatata frå elevundersøking og trivselsundersøking med evt. tiltak.</p>	<p>Resultata frå Trivselsundersøking m/eventuelle nye tiltak</p>
Mai		<p>7. trinn: Besøk på ungdomsskolen</p> <p>Gla'time 1.-4. trinn</p> <p>Førskuledagar</p> <p><b>Zeromål:</b> *Eg tenkjer meg om før eg snakkar. *Eg har eit positivt kroppsspråk.</p>	<p>Foreldremøte 7. trinn: Om overgangen til ungdomsskolen</p>		
Juni		<p>Zero tur</p> <p>Fotballcup/aktivitetsdag</p>	<p>Sommar-avslutning.</p>		

		Open dag Zero show 5.-7. trinn Gla'time 1.-4. trinn <u>Zeromål:</u> *Eg kan ta i mot og gje komplimenter. *Eg har mot til å vere meg sjølv.			
--	--	--	--	--	--

## IKT og bruk av sosiale medium

Som på andre arenaer der mange menneskje møtast, oppstår krenking også digitalt. Digitale krenkingar kan vere meir intense fordi dei kan skje døgnet rundt, fordi dei skjer på sosiale arenaer der barnet/ungdommen gjerne vil vere, fordi mange kan sjå det og fordi det lett kan spreiest og være tilnærma umogleg å slette. Digitale krenkingar kan vere ekstreme, fordi mange vågar å gjere meir på nettet enn dei gjer ansikt til ansikt, og fordi det er vanskeleg for tilskodarar å gripe inn eller stoppe det.

Digitale krenkingar startar ofte på skulen, og dei som er utsett for krenkingar ansikt til ansikt på skulen, er ofte meir utsett for digitale krenkingar. Å bli utsett for digitale krenkingar kan gi like store emosjonelle konsekvensar som å bli utsett for mobbing ansikt til ansikt. Digitale krenkingar er ofte mindre synleg for foreldre/føresette, lærarar og andre vaksne. Mange har også ei motvilje mot å seie frå til ein vaksen om det som skjer, fordi mobbinga ofte kan ha eit tema som kan være flaut, vondt og vanskeleg å dele. Digitale krenkingar som skjer mellom elevar på skulen, eller som er relatert til skulen, er også skulen sitt ansvar å handtere.

Mange digitale krenkingar kan være straffbare handlingar. Straffelova og åndsverklova gjeld også for digitale handlingar og digitale rom. I tillegg til å setje inn sanksjonar ovanfor elevar i tråd med ordensreglementet, kan det vere behov for å politimelde digital mobbing, sjølv om dei som har mobba er under 15 år.

Skulen ønskjer å vere tidleg ute for å førebu elevane på kva som møter dei på nett. Som eit ledd i skulen sitt førebyggjande arbeid skal det på foreldremøtet om våren jobbast med dailogduk i grupper. [Dialogduken](#) er eit samtaleverktøy laga spesielt for føresette med born på 2. og 3. trinn - altså før dei blir storbrukarar på nett og sosiale medium. Foreldre og føresette er viktige rollemodellar for borna, og dialogdukane er laga for å fremje digital kompetanse hos foreldre og føresette gjennom samtale og bevisstgjerung.

For 4. og 5. trinn har skulen i samarbeid med FAU eit opplegg saman med [Barnevakten](#).

## Avdekking

### § 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, 2.-3. avsnitt

*Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.»*

«Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.»

Lovteksten slår fast at alle som er tilsett ved skulen har, ved mistanke eller kunnskap om at en elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar, ein aktivitetsplikt som består av plikt til å gjere undersøkingar, til å varsle rektor og til å gripe inn.

Oppfyllest ikkje handlingsplikta, kan tilsette straffast med bøter eller fengsel i inntil 3 månader, jf. opplæringslova § 9a-13. Krenkingar kan vere vanskelege å oppdage, og svært mange av elevane som blir krenka, seier ikkje ifrå om det som skjer. Det er difor viktig å vere aktiv på mange vis for å kunne avdekke krenkingar. For å gjere dette på Sagstad skule, nyttar vi oss av følgjande rutinar basert på anbefalingar frå utdanningsdirektoratet:

- Årlege spørjeundersøkingar/trivselsundersøkingar, i tillegg til den obligatoriske gjennomføringa av Elevundersøkinga.
- Høgt fokus på kvaliteten i samspelet mellom elevane ved bruk av direkte observasjon og kartleggingsverktøy (Innblikk er eit døme på nyttig verktøy ved avdekking).
- Høgt fokus på å vere til stades og tilsyn i friminutta. Dei vaksne som er ute har ei proaktiv og oppsøkjande rolle, særleg i område som er spesielt utsett.
- Trivsel blir tatt opp systematisk i individuelle samtalar med elevane, i klassane, i elevrådet, i foreldresamtalar og på foreldremøte.
- Meldingar om krenkande handlingar eller ord frå foreldre og elevar, blir alltid tatt på alvor og utløyser automatisk ei undersøking.
- Ved mistanke om krenkingar blir observasjonane, undersøkingane og innhentinga av opplysningar intensivert.

## Handtering

### § 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, 4. avsnitt

*Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.*

På Sagstad skule skal alle elever og føresette oppleve å bli tatt på alvor om dei kjem til skulen med bekymring om at ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar. Skulen tar ansvar og initiativ for å stoppe slik åtferd og følg opp i ettertid. Rektor har det overordna ansvaret for at skulen følg opp saker som gjeld skulemiljøet. Når elevar, føresette eller tilsette ved skulen har avdekka at elevar blir utsett for krenkande ord og/eller handlingar, skal skulen sikre ei sakshandsaming og oppfølging i tråd med lover og forskrifter.

Avdekking omfattar også at tilsette, elevar eller foreldre/føresette melder frå om hendingar når nokon opplever krenkande ord og handlingar. Skulen skal sikre at den subjektive opplevinga til eleven kjem fram, og at tiltak er igangsett så raskt som mogleg.

### Ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt miljø

1. Innhenting av informasjon gjennom samtale med den ein trur ikkje har det trygt og godt på skulen og andre.

- Kontaktlærer skal umiddelbart ha samtale med eleven. Avhengig av alvorsgrad, saka og presset på eleven, skal det avtalast tid for neste møte. Møta skal skje tett.
  - Rektor eller den rektor har peika ut til å følgje opp desse sakene skal varslast skriftleg. Eleven skal få informasjon om at rektor vert varsla.
  - Eleven skal heile tida vere orientert om kva som skal skje.
  - Foreldre / føresette skal informerast.
  - Eleven skal ikkje gjerast ansvarleg for prosessen som vert sett i gang.
  - Det er viktig å uttrykke støtte til eleven.
- Ansvarleg: Kontaktlærer

## 2. Innhenting av informasjon gjennom observasjon

- Dersom vi ikkje har ein konkret mistanke eller treng meir informasjon, går vi i gang med systematisk og profesjonell observasjon av eleven. Når ein observerer, brukar ein observasjonsskjema. (Vedlegg 6) Det er viktig at den som observerer skil observasjon og tolking. Observasjonane avtalast på team eller vi nyttar observasjonsvakta dersom den er tilgjengeleg. Kva for elev skal observerast, kven har ansvar i dei ulike friminutta og kor lenge skal observasjonsperioden vare?
- Ansvarlege : Kontaktlærer har ansvar for å be om at eleven blir observert. Alle på team har ansvar for å observere etter avtale.

## 3. Systematisk innhenting av informasjon frå elevane. (Tilrådd verktøy: *Innblikk*, av Tove Flack eller den ikkje-anonyme spørjeundersøkinga *Spekter*.)

- Skulen har nokre lærarar som er trena i å gjennomføre elevsamtale etter oppskrift i «Innblikk». Dersom skulen har vanskar med å få fram opplysningar i ei mobbesak, kan ein be skuleleiinga leggje til rette for denne elevsamtalen. Alternativt kan *Spekter* gjennomførast når som helst på året.
- Ansvarleg: Skuleleiinga, kontaktlærer og spesialpedagog.

## 4. Innhenting av informasjon frå foreldre

- Dersom skulen gjennom samtale med ein elev får bekrefta mistanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen, vert foreldra kontakta, både for å informere om kva som skal skje vidare, men og for eventuelt å få fleire opplysningar frå foreldra. Dersom føresette til ein elev eller ein elev tek kontakt med skulen for å varsle om at eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal rektor varslast og det skal skrivast tiltaksplan.
- Ansvarleg: Kontaktlærer eller den som vert kontakta av føresette.

## Dokumentasjon

### § 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, 6. avsnitt

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skulen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

### Korleis løyser vi saker der krenkelsar og/eller mobbing er avdekkja?

Skulen skal vere mobbefri. For å klare dette, er det viktig at sakene som oppstår blir løyst raskt. Som tilsette i skule og SFO, skal vi gå konstruktivt inn for å løyse saker som omhandlar krenkingar og mobbing. Dei tilsette på skulen trener på korleis ei sak skal løysast. Rektor skal vite om avdekte saker, og rektor skal delta saman med dei tilsette for å løyse saka. Det er viktig å møte alle dei involverte med respekt, og vi skal opplevast som trygge og tydelege vaksne. Dersom ei sak virke fastlåst og vanskeleg å løyse aleine, er det viktig å be om støtte frå skulefagleg rådgjevar, PPT, barnevern eller andre.

## Mal for å løyse saker som gjeld mobbing eller krenkjande åtferd

Skulen sine prosedyrar ved ei mobbesak/krenkjande åtferd er :

1. Det vert gjennomført samtalar med den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd og plagar(ar)/mobbar(ar) som beskrive i kapittel 7 i lærarrettleiinga til Zero. Samtalane skal gjennomførast i denne rekkjefølgja:

- a. Første samtale med den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd:

Punktvis kan vi seie at første samtale den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd skal innehalde følgjande:

- Forklare for eleven kvifor ein har samtale.
- Gje eleven støtte.
- Gje eleven løfte om fortløpande informasjon om kva som skal skje.
- Avtale oppfølging
- Informere føresette til den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd dersom dei ikkje allereie er informerte. Ansvar: Kontaktlærer eller SFO leiar

- b. Første samtale med plagar(ar)/mobbar(ar)

Det skal gjennomføres individuelle samtaler.

Punktvis kan vi seie at første samtale med den som mobbar(krenkjar skal innehalde følgjande:

- Konfrontere plagaren med alvoret i den faktiske situasjonen.
- Ikkje gå i diskusjon med plager/mobbar.
- Få eleven med på å ta avstand frå mobbinga.
- Få eleven til å forplikte seg til positiv åtferd overfor offeret.
- Ved fleire mobbarar skal det gjennomføres gruppesamtale med kvar av dei.
- Informere om konsekvensen dersom mobbinga ikkje stoppar. Sjå konsekvenstrappa. (Vedlegg 3)
- Informere føresette til plagar/mobbar om innhaldet i samtalen.

Ansvar: Kontaktlærer til den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd og kontaktlærer til plagar.

- c. Oppfølgingssamtalar med den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd: (Innan 3 veker og oppfølging nummer 2 etter behov, men innan 6 veker)
  - Avklare om mobbinga har stoppa.
  - Ansvar: Kontaktlærer til den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd.
- d. Oppfølgingssamtale med mobbar(ar): (Innan 3 veker og oppfølging nummer 2 etter behov, men innan 6 veker.)
  - Har mobbaren slutta med mobbinga? Er avtalar følgde opp? Gjere nye avtalar eller setje inn tiltak.
  - Ansvar: Kontaktlærer til mobbar.
- e. Samtalar med foreldra til den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd: (Innan 3 veker og oppfølging nummer 2 etter behov, men innan 6 veker.)
  - Er det situasjonar eller handlingar den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd kan gjere for å komme i god posisjon? Treng den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd hjelp i høve til eigen åtferd for ikkje å utløyse mobbesituasjonar? Gjere avtalar.
  - Ansvar: Kontaktlærer til den som vert utsett for mobbing/krenkjande åtferd.
- f. Samtalar med foreldra til plagar: (Innan 3 veker og oppfølging nummer 2 etter behov, men innan 6 veker.)
  - Ytterlegare konkretisering: Kva kan føresette bidra med for at mobbing ikkje skal skje? Gjere avtalar.

- Ansvar: Kontaktlærer til mobbar.
2. Det skal skrivast ein tiltaksplan som skal gje eleven og føresette ei orientering om kva som skal skje vidare i saka og tidspunkt for evaluering.
- Kontaktlærer skriv tiltaksplan i samråd med elev/føresette/rektor. Eleven skal få uttale seg om innhaldet i tiltaksplanen. I vanskelege saker overtar rektor arbeidet med tiltaksplanen.
  - Ansvar: Kontaktlærer/Rektor

## Eleven sin rett til å bli høyrd og informasjonsplikt

### § 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, 5. avsnitt

Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

### § 9 A-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg

*Skulen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.*

*Dersom skulen finn ut at noko ved skolemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det.*

*Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skolemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skolemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skolemiljøet.*

## Fylkesmannen si handtering av aktivitetsplikta i einskildsaker

### § 9 A-6. Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

*Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.*

*Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skulen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.*

*Skulen og skoleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling.*

*Kjem Fylkesmannen til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skulen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følgje opp saka.*

*Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skulen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skole, jf. § 8-1 fjerde ledd.*

*Avgjerda til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Skoleeigaren har ikkje klagerett*

### **§ 9 A-12. Tvangsmulkt**

*For å sikre gjennomføringa av vedtak etter § 9 A-6 fjerde ledd kan Fylkesmannen og klageinstansen fastsetje tvangsmulkt for skoleeigaren. Avgjerd om tvangsmulkt kan gjerast samtidig med vedtak etter § 9 A-6 fjerde ledd eller seinare.*

## **Råd og utval**

### **§11-2 Elevråd:**

For mellomtrinnet og ungdomstrinnet skal det være eit elevråd, og elevrådet må velgast innan tre veker etter skulestart om hausten. Klassane vel sjølv sine representantar, og det skal vere to fra kvar klasse (inkl. vara). Elevrådet vel leiar og nestleiar, og det skal skrivast referat som behandlast i alle klassar. Elevane fremjar sjølv saker. Leiar og nestleiar (eller annan representant) frå elevrådet sit i Samarbeidsutvalet (SU). Elevrådet kan sjølv melde saker til SU.

### **§11-4 Foreldreråd og foreldra sitt arbeidsutvalg (FAU):**

Alle foreldre/føresette på skulen er medlemmar av dette utvalet. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre aktivt tar del i arbeidet med å skape eit godt skulemiljø. Foreldreutvalet vel eit arbeidsutval (FAU). Foreldra i kvar klasse vel ein FAU-representant og vara. FAU vel leiar og nestleiar. FAU er eit rådgivande organ, og har ingen beslutningsmynde. Dei tar opp saker og uttaler seg om tilhøve ved skulen og i skulesamfunnet som er av betydning for heimane. FAU skal velgje to representantar til skulen sitt Samarbeidsutvalg (SU).

### **§ 11-1 Samarbeidsutvalet (SU)/Skulemiljøutvalet (SMU)**

Kommunelova § 11 gir kommunen moglegheit til å lage et nytt styre for skulen. Det har Sagstad skule gjort ved å legge skulemiljøutvalet under samarbeidsutvalet (SU): Mandatet til å legge skulemiljøutvalet under samarbeidsutvalet står heimla i Opplæringslova § 11 - 1.

Samarbeidsutvalet skal auke representasjonen med to når skulemiljøutvalet underleggast dette. SU består da av tre føresette, tre elevar, ein fra dei andre tilsette, to lærarar og to medlemmar frå kommunen der den eine skal være rektor.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om alle tilhøve i skulen. Skulemiljøutvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet.

Eigne planar for rådsorgana: Rådsorgana kan lage egne planar for korleis dei aktivt kan hjelpe til med å nå måla i denne planen.

## Vedlegg

### Vedlegg 1

#### **Ordensreglar Sagstad skule (16.01.12)**

- Eg møter til skulen i rett tid og har med det eg treng.
- Eg møter i tide til kvar time.
- Eg følgjer klassereglane/ordensreglane.
- Eg hengjer opp kleda mine i gangen.
- Eg tek ikkje med meg snop eller tyggegummi på skulen.
- Eg er inne på skulen sitt uteområde i alle friminutt. Fossemyra nyttast etter avtale.
- Eg parkerer sykkel/sparkesykkel på utsida/tilvist plass. Eg nyttar ikkje sykkelen i skuletida. (5.-7. klasse kan sykle til timane med symjing på Folkehøgskulen.)
- Eg nyttar ikkje mobiltelefon i skule- og SFO tid.
- Eg har ikkje med meg nettbrett, musikkavspelingsutstyr eller kamera på skulen eller SFO.
- Eg pratar med dei rundt meg i ein hyggeleg tone.
- Eg STOPPAR og høyrer på dei vaksne når dei snakkar til meg.
- Eg let utstyret til skulen og til dei andre elevane vere i fred.
- Eg brukar gang og sykkelveg til og frå skulen der det er mogleg.
- Eg kastar snøball berre på oppsett blink.

#### **BROT PÅ REGLANE:**

- Ved brot på reglane kan eit eller fleire av tiltaka nedanfor setjast i verk avhengig av alvorsgrad og grad av gjentakning.
- Med unntak av mildaste sanksjon, tilsnakk, skal sanksjonar dokumenterast.

1. Tilsnakk
2. Skriftleg merknad. Merknaden skrivast i lærarweb.
3. Samtale med den vaksne som handsamar saka.
4. Lærar/assistent tek kontakt med heimen.

5. Samtale med inspektør/rektor.
6. Pålegg om å vere til stades før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærer og/eller rektor/inspektør, eller for utføring av pålagde oppgåver.
7. Avgrensing av elevens rørslefridom i friminutt og/eller påbod om å vere i nærleiken av ein namngjeven elev/tilsett, eller om å halde seg på eit avgrensa område inne eller ute.
8. Bortvising frå undervisninga for enkelttimar eller resten av dagen – jf. Opplæringslova §2.10.
9. Midlertidig eller permanent klassebyte.
10. I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane tilseier det, og andre tiltak allereie er prøvd – jf opplæringslova § 8-1, 3 ledd.

Andre tiltak:

11. Pålegg om å rette opp skaden eleven har påført skulens eigedom eller eigedelar – for eksempel rydde boss, vaske golv eller veggar, fjerna tagging osv.
12. Den som øydelegg utstyret til skulen eller elevar med vilje eller på grunn av ulovleg leik, må betale det det kostar å utbetre skaden, jf. Skadeerstatningslovens § 1.1 og §1.2
13. Ved alvorlege tilfelle av mobbing kan det gjevast påbod om at den som mobbar skal følgjast av føresette til og frå skulen. Føresette kan oppmodast til å vere tilstades i skuletida.
14. Snop og ulovleg utstyr blir inndregne.
15. Dersom mobiltelefonen vert brukt blir han inndregen og utlevert ved slutten av skuledagen. Tredje gang telefonen vert inndregen må han hentast av føresette.

Ordensreglementet gjeld på skulevegen, i skuletida, i SFO-tid, og på turar i regi av skulen.

## Vedlegg 2

Instruks for ordensreglement ved Sagstad skule.

Kontaktlærarane har ansvar for at ordensreglementet blir gjort kjent for elevar og foreldre kvart år like etter at skuleåret har byrja. Ordensreglementet skal takast opp som tema i klassane innan utgangen av august kvart skuleår og på første foreldremøte kvar haust.

Brot på ordensreglementet kan følgjast opp på ulike måtar alt etter kor alvorleg ordensbrotet er, om eleven har gjentakande ordensbrot, og kva slags føresetnader eleven har. Ofte kan det vere nok med uformelt tilsnakk, ein eller fleire ekstra rettleiingssamtalar med eleven som ledd i den samanhengande undervegsvurderinga av orden og åtferda til eleven, eller hyppigare kontakt med eleven sine foreldre/føresette enn det som er minstekravet.

I andre tilfelle kan skulen finne det naudsynt med ei form for straffesanksjon eller refsingstiltak. Til dette kan berre dei som er nemnde i skulen sitt ordensreglement nyttast. Kollektiv straff, fysisk straff eller krenkjande straff kan ikkje i noko tilfelle nyttast.

Tilsette har plikt til å prøve og stanse vald, slåstkamp, hærverk osv. Så sant det er forsvarleg, skal den tilsette gripe inn umiddelbart, og om naudsynt med mild fysisk makt. Den fysiske makta må ikkje ha karakter av straff mot enkeltelev(ar).

Nokre av tiltaka/sanksjonane i ordensreglementet kan berre påleggjast av rektor eller skuleeigar. Men hovudregelen er at saka følgjast opp av den lærar/assistent/fagarbeidar som kjem opp i situasjonen.

Med unnatak av mildaste sanksjon, tilsnakk, skal sanksjonar dokumenterast og skrivast i lærarweb og leggjast på elevmappa.

Tiltak/sanksjonar som kan påleggjast av lærarar/assistentar/fagarbeidarar:

- Tilsnakk
- Skriftleg merknad. Merknaden skrivast i lærarweb.
- Samtale med den vaksne som handsamar saka.
- Lærar/assistent tek kontakt med heimen.
- Samtale med inspektør/rektor.
- Pålegg om å vere til stades før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærar og/eller rektor/inspektør, eller for utføring av pålagde oppgåver.
- Avgrensing av elevens rørslefridom i friminutt og/eller påbod om å vere i nærleiken av ein namngjeven elev/tilsett, eller om å halde seg på eit avgrensa område inne eller ute.

- Bortvising frå undervisninga for enkelttimar– jf. Opplæringslova §2.10, tredje ledd: *Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.* Lærar må i etterkant ta kontakt med heimen og gje ei grunngeving for bortvisinga.
- Pålegg om å rette opp skaden eleven har påført skulens eigedom eller eigedelar – for eksempel rydde boss, vaske golv eller veggar, fjerna tagging osv.
- Snop og ulovleg utstyr blir inndregne.
- Dersom mobiltelefonen vert brukt blir han inndregen og utlevert ved slutten av skuledagen. Tredje gang telefonen vert inndregen må han hentast av føresette.

Tiltak/sanksjonar som berre kan påleggjast av rektor:

- Bortvising frå undervisninga resten av dagen – jf. Opplæringslova §2.10.
- Midlertidig eller permanent klassebyte.
- Den som øydelegg utstyret til skulen eller elevvar med vilje eller på grunn av ulovleg leik, må betale det det kostar å utbetre skaden, jf. Skadeerstatningslovens § 1.1 og §1.2
- Ved alvorlege tilfelle av mobbing kan det gjevast påbod om at den som mobbar skal følgjast av føresette til og frå skulen. Føresette kan oppmodast til å vere tilstades i skuletida.

Tiltak/sanksjonar som berre kan påleggjast av skuleeigar:

- I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane tilseier det, og andre tiltak allereie er prøvd – jf opplæringslova § 8-1, 3 ledd.

## Vedlegg 3

# Konsekvenstrapp Sagstad skule.

Alle tiltak og sanksjonar er sett inn med heimel i ordensreglementet ved skulen

### **2. tiltak**

Midlertidig eller permanent klassebyte.

Dersom ingen av tiltaka har effekt, vil mobbaren bli flytta midlertidig eller permanent til ein annan skule.

### **1. tiltak**

Avgrensing av eleven si rørslefridom i friminutt, og/eller påbod om å vere i nærleiken av ein namngjeven tilsett for å hindre at mobbesituasjonar oppstår. (1-3 veker)

Påbod om å halde seg på eit avgrensa område inne eller ute. (1-3 veker)

Påbod om at den som mobbar skal følgjast av føresette til og frå skulen. (1-3 veker)

### **Problemløysande samtale:**

Samtale med mobbar.

I samtalen skal det klargjerast at mobbinga skal stoppa no.

Mobbar vert informert om at vi kjem til å følgje med vidare og at det vert sett inn andre reaksjonsformer dersom mobbinga ikkje stoppar.

## Vedlegg 4

### **KLASSELEIING - Felles forpliktande regler**

#### **OPPSTART**

#### **LÆRER SAMLAR KLASSENS MERKSEMD OG TAR STYRING SOM KLASSELEIAR.**

- Luer/caps og jakker skal henge på gangen, tyggegummi skal spyttast ut når ein går inn.
- Alle elevane reiser seg.
- Alle helsar– første møtet.
- Elevane står ved pulten inntil det er ro i klassen. (1. trinn berre 1. time, andre trinn i alle timar).
- Lærarane ber elevane setje seg og startar timen.
- Gjennomgå ”Dagen i dag”
- Lærar registrerer fråvær.
- Kontaktlærar svarer på meldingar etter at arbeidet er satt i gang

#### **GJENNOMFØRING**

- Klargjere agenda for timen.

Elevane skal få vite kva som skal skje i timen; Kva dei skal lære (Mål) og korleis (Aktivitet). Ved oppstart av timen skal læraren alltid syte for at elevane har forstått kva dei skal gjere.

- Alle skal ha arbeidsro.

Lærar styrer overgang til nye aktivitetar.

- Ingen ”frie” diskusjonar.

Lytte kort – ta diskusjonen etterpå. Eventuelle diskusjonar skal være lærarstyrte. Elevinitierte diskusjonar handterast som føreskrive ovanfor.

- Elevane skal vere konsekvente på å vente på tur, ikkje avbryte.

Elevane rekkjer opp handa og ventar på tur før dei får ordet. Ingen avbrytingar. Lærer stopper usakleg framferd og stygg språkbruk.

## **AVSLUTNING**

- Læraren sørgjer for god struktur for avslutning av timen:
- ✓ Læraren passar klokka slik at det er tid til å avslutte.
- ✓ Lærar oppsummerer timen og gir faglege beskjedar.
- ✓ Digital tavle klårgjerast til neste time, og klasserommet ryddast.
- ✓ Bøker pakkast saman – for 3.-7. trinn skal neste times bøker leggest opp. (Om det er same klasserom neste time)
- ✓ Ingen elevar skal gå ut før det ringer. (1. og 2. trinn styrar tida sjølve.)
- ✓ Læraren ser til at alle går ut før døra låsast.

## Vedlegg 5

### Instruks vedr. Inspeksjon på Sagstad Skule (13.08.2013)

- Alle som skal ha inspeksjon må vere førebudd, slik at dei kan starte inspeksjonen når friminuttet startar.
- Alle som har inspeksjon SKAL ha på seg refleksvest, også dei som har ansvar for enkeltelevar. Forsking viser at fleire synlege vaksne har ein dempende effekt på negativ åtferd i ein skulegard.
- Dei som har inspeksjon må ikkje «trekkje saman» og bli ståande og prate, men halde fokus på elevane og vere der «det skjer».
- Dei som er oppsett på ei sone har det generelle ansvaret for alle elevane i si sone, og bør opphalde seg relativt sentralt i sone.
- Dei som er oppsett på topp i sone ABC (småplassen), eller DEF (storeplassen), har like stort ansvar for elevane, men skal vandre rundt og sørgje for større vaksendekning dersom det hopar seg opp elevar ein eller annan stad. Dei skal også ha eit spesielt auge med trivselsleikane, slik at trivselsleiarane ikkje treng å ta ansvar i negative situasjonar som oppstår.
- Dei som er på topp skal også ta seg av elevar som av ulike grunnar treng ekstra hjelp der og då. Til dømes dei har slått seg og treng plaster, eller har kome i «slåstkamp», plagar andre, eller av andre grunnar må visast bort.
- Hugs loggbok og blyant. Alle som har inspeksjon har ansvar for å rapportere uønska, negativ åtferd til kontaktlærarane, til dei som gjer negative ting, og eventuelt til kontaktlærarane til dei som vert utsett for slik negativ åtferd.
- Morgonvakta må låse opp toaletta på småplassen.
- Lærarane får elevane ut av klasserommet så raskt som mogleg og låser klasserommet.
- Lærarane ser til at elevane går ut på plassen.
- Lærarar som sender elevar ut før tida, må ha tilsyn med dei.
- Kvar klasse har ein bestemt veg å gå ut og inn til klasserommet.
- ”Time out”: Dersom inspektøren må gripe inn/stoppe «hardhendt» leik eller slåsting, kan eleven bli sett inn på møterommet. Informer kontaktlærer/administrasjonen
- Legg leikar m.m. på plass i kassane på småplassen i siste friminutt.

**Det er lov:**

- Fotballspeling på avsett plass (Storeplassen).
- Ball-leikar (ikkje fotball) på øvre del av småplassen.  
NB! Inspektør vere på vakt for ballspel.
- Klatre i tre og klatrevegg.
- Bruk bord og benkar til å sitje på.
- **Rumpeakebrett:** Ned mot skogen småplassen, haugen på storeplassen.  
**Snowracer/rattakebrett:** organisert av vakt utanfor gjerdet på haugen på storeplassen.  
**Rattakebrett** lov frå 1.klasserommet til hjørnet på skulekjøkkenet på småplassen. **Snowracer forbode på småplassen.**
- Snøballkasting på klatrevegg.

**Det er ikkje lov:**

Å bruke mobil i skule- og SFO - tida, heller ikkje i friminutta.

